

# BOKN BYGDEBLAD

Nr. 1 - JAN./FEB. 1988 ÅRG. 3

## Full forvirring om gasskraftverket

**Det er full forvirring når det gjeld gasskraftverket på Haugsneset. Blir det utbygging eller ikkje. Blir det i tilfelle eit mindre gasskraftverk, eller skal vedtaket om bygging av gasskraftverket på Haugsneset utsetjast sidan Hydro nå får sin konsesjonssøknad handsama?**


—Mykje skrik og skrål, seier statssekretær i olje- og energidepartementet, Astrid Marie Nistad.

—Behandlingen av konseksjonssøknaden om bygging av gasskraftverk på Kårstø skal opp i Stortinget i løpet av våren. Det einaste som kan stoppe saka er om dei nye prognosane for kraftbalansen gir som resultat at det ikkje vil bli underskot på kraft frå 1993 og utover, slik energimeldingen slår fast.

Vi skal ha dei nye prognosane klar i månadskifte, seier Tore Tønne, i markedsavdelinga i olje- og energidepartementet. Han sit sentralt i den gruppa som skal vurdere kraftbehovet på nytt på grunnlag av dei nye tal som er komme fram.

—Grunnen til at vi vurderer dette på nytt er at vi har ein helt ny situasjon. Det grunnlagsmateriale vi hadde då vi rekna oss fram til kraftbehovet hausten 1986 er helt annleis.

Mellom anna er det kommen informasjon som skulle tilsei at kraftkrevjande industri ikkje vil trenge så mykje kraft i 1990-åra. Dermed er



det ikkje sikkert det blir så stort underskot på kraftbalansen, eller at det kjem så tidleg på 90-talet, som energimeldinga slår fast, seier Tore Tønne.

Og det er nok det som blir avgjerande om det skal byggjast gasskraftverk på Haugsneset eller ikkje. Kjem Tønnesi gruppe fram til at det ikkje blir underskot på kraft frå 1993 og utover, fell truleg grunnlaget for bygging på

Haugsneset bort, og vedtaket må utsetjast. Blir det utsett i to-tre år, vil truleg Midt-Noreg vere eit betre alternativ med gass frå Haltenbanken.

Ovanståande er saksa frå Tysvær Bygdeblad nr. 3 1988.  
Det kan sjå tynt ut også for Bokn sine gasskraft-inntekter?

store sprang i  
kommunen sine av-  
gifter og prisar  
frå 1988.

Bokn kommunestyre har i møte 15.des. 1987 på visse område auka avgifter og prisar for m.a. kommunale tenester drastisk frå 1988. Noko av årssaka til dette er at prisane tidlegare har vore svært låge, og at ei så stor auke kan forsvaraast på denne bakgrunn.

Årsavgift og tilknytningsavgift for vatn skal aukast med 15% frå 1.1.88.

Tilknytningsavgift, minste-	
avgift:	kr. 5.064,-
Årsavgift, hus:	" 460,-
Årsavgift, hytter:	" 230,-

Tilknytnings- og årsavgift for kloakk 1988.  
Slamavgift 1988.

Slamavgift:	kr. 345,-
Tilknytningsavgift, minste-	
avgift:	" 5.060,-
Årvagift, hus:	" 460,-
Årvagift, hytter:	" 230,-

Renovasjonsavgift: Auke med 50% til kr. 615,- pr. år.

Ingolf Kro foreslo ein auke på 30% då han meinte 50% var for mykje, men fekk berre 3 røyster for framlegg sitt.

**Tomteprisar:**  
Framlegg frå rådmannen: 70% auke i prisen. Dvs. frå kr. 44,- til kr. 75,- pr. m<sup>2</sup>.

Eit framlegg frå Ingolf Kro om å setja prisen til kr. 65,- pr.m<sup>2</sup> fekk 7 røyster. 10 røysta for 75 kr.

Saka må såleis opp til ny behandling i kommunestyret.

**Husleige i kommunale bustader:**  
Auke på 15%. Prisen pr.mnd. på dei kommunale bustadene vil frå 1.mai 1988 variera frå kr. 1.820,- til kr. 660,-, alt etter storleik og standard på husværet.

Satsane for betaling i barnehage og musikkskule:

Framleggget frå rådmannen var 5% auke i satsane for musikkkulen frå 1.8.88 og 25% auke i barnehagen frå 1.1.88.

Ingolf Kro gjorde framlegg om 10% auke i satsane for musikkkulen. Dette vart vedtatt med 15 mot 2 røyster.

Ove Alvestad gjorde framlegg om ein auke på 15% i satsane for barnehagen, men framleggget på 25% vart vedtatt med 15 røyster.

Satsar for heimehjelp, husmorvikar, ambulerande vaktmeister og tryggleiksalarm.

I utgangspunktet var det framlegg frå helse- og sosialstyret om graderte satsar i høve til inntekt. Dette hadde rådmannen også gått inn for.

Sigvert Våga gjorde framlegg i formannskapet om ein sats på kr. 15,- pr. t. for heimehjelp. I kommunestyret gjorde han framlegg om ein sats på kr. 25,- pr.t. for husmorvikar.

Ingolf Kro gjorde i kommunestyret framlegg om desse satsane for heimehjelp:

Inntekt frå kr. 30.000-70.000 kr. 15,- pr.t.  
Inntekt over kr. 70.000

kr. 20,- pr.t.

**Husmorvikar:**

Inntekt inntil kr. 120.000 kr. 25,- pr.t.  
Inntekt over kr. 120.000 kr. 30,- pr.t.

Framleggget frå Ingolf Kro vart vedteke med 9 mot 8 røyster, og må såleis opp til ny behandling då det ikkje fekk 2/3 fleirtal.

Satsar for ambulerande vaktmeister skal fylgja satsane for heimehjelp. Tryggleiksalarm skal kosta kr. 50,- pr. mnd.

# INFORMASJON FRA

## TEKNISK ETAT

### MINDRE BYGGEARBEID PÅ BOLIGEIENDOM

I plan- og bygningsloven fra 1. august 1985 ble det tatt inn en ny bestemmelse om mindre byggearbeid på boligeiendom. (§ 86 a).

Siden dette er en bestemmelse som mange vil komme i befatning med skal en få gi en kort orientering om hvordan byggherren skal forholde seg i disse sakene.

Bestemmelsene gjelder for mindre byggearbeid på boligeiendom som er bebygd med småhus. Herunder regnes også eiendom som er bebygd med fridtsbebyggelse.

Som mindre byggearbeider regnes:

- a. oppføring av en enkelt frittliggende bygning som skal nytties til uthus, hageveksthus, lekestue, garasje o.l.

Bygningen må ikke ha større bruttoareal enn 30 m<sup>2</sup> og må ikke nytties til beboelse eller til næringsdrift. Den må ikke være underbygget med kjeller e.l. Avstanden til nabogrense må være i samsvar med plan- og bygningslovens § 70 nr.2.

- b. ett enkelt tilbygg som skal nytties til boligrom (oppholdsrom, soverom, arbeidsrom) eller til formål som har direkte tilknytning til boligfunksjonen (entre, vindfang, terrasse, redskapsrom, garasje o.l.).

Tilbygget må ikke ha større bruttoareal enn 30 m<sup>2</sup>. Det kan i tillegg være underbygget med kjeller. Avstanden til nabogrense må være i samsvar med plan- og bygningslovens § 70 nr.2.

- c. mindre endring av fasade når endringen ikke medfører at bygningens eksteriørkarakter blir endret.

- d. levegg (skjermvegg) forbundet med bygning når høyden over marknivå ikke overstiger 1,8 m og den ikke stikker mer enn 4 m ut fra bygningens veggliv.

- e. innhegning mot veg.

Den som utfører eller lar utføre arbeid etter disse bestemmelsene skal påse at arbeidet ikke er i strid med plan- og bygningslovgivningen. Arbeidet må heller ikke føre til nye eller endrede avkjørselsforhold.

Naboer og gjenboere skal gjøres kjent med byggeplanene gjennom dokumentert varsel hvis ikke disse skriftlig har sagt fra at de ikke har noe å innvende mot byggeplanene.

Arbeidene kan utføres når melding er sendt bygningsrådet og det er gått 3 uker etter at bygningsrådet har mottatt meldingen. For sikkerhets skyld bør bygningsmyndigheten kontaktes før byggearbeidene tar til.

Med melding om mindre byggearbeid skal følge

- gjenpart av varsel til naboer og gjenboere med kvittering for at det er mottatt, eller kvittering fra postverket om at varsel er sendt, eller uttalelse fra naboer og gjenboere om at disse ikke har noe å innvende mot byggeplanene.
- situasjonsplan som viser anlegget med omgivelser.
- tegninger av planer, snitt og fasader m.v. med angivelse av rommene funksjon og størrelse. Tegninger og beskrivelser skal vise alt som er nødvendig for å bedømme arbeidets lovlighet og redegjøre for forholdene slik de er før, og slik de vil være etter at byggearbeidet er gjennomført.
- angivelse av arbeidets art og omfang, herunder størrelse på bruksareal.
- angivelsene av hvem som skal utføre arbeidene.

Publikum som ønsker nærmere informasjon kan kontakte teknisk etat.

## BETALING FOR OPPHOLD I INSTITUSJON

ENDRA REGLAR FRÅ 1.1.88 NÅR KOMMUNANE HAR OVERTATT DEI SOMATISKE SJUKEHEIMANE.

Dei endra reglane for betaling ved opphold i institusjon gjeld også ved Bokn sjukestove.

Reglane går ut på at det kan tas vederlag frå og med 2.kalendermånad etter at innflytting har funne stad.

Dersom ein pasient har periodevis opphold ved institusjon, har vedkommande ikkje krav på meir enn 60 døgn pr. kalenderår utan vederlag.

Når det gjeld kortare opphold, er det i gong ei arbeidsgruppe i departementet som skal utgreia kor vidt ein kan ta betaling for dette. Førebelts er korttidsopphold på under 60 døgn pr. kalenderår gratis.

Årleg kan kommunen - av inntekter inntil folketrygda sitt grunnbeløp - trekka inn 75% av grunnbeløpet i folketrygda. Av inntekter utover folketrygda sitt grunnbeløp kan kommunen trekka 85%.

Som inntekt reknar ein då årleg inntekt på grunnbeløp av pensjon, andre trygdeytингar, arbeidsinntekt, næringsinntekt, leigeinntekt, renter og anna avkastning av formue etter frádrag av skatt og gjeldsrenter.

## PLANNEMND FOR ALDERSBUSTADER

Bokn kommunestyre har vald denne plannemnda for aldersbustader:

Høgre: Lars Sigmund Alvestad  
Kr.F.: Sigurd Johnny Svendsen  
Arb.parti: Else Kjellesvik  
Senterp.: Ingolf Kro (formann)

Helse- og sosialleiaren (Reidar Alvestad) skal vera sekretær og medlem i plannemnda.

## BUSTADER FOR ELDRE

I Bokn kommune sin Helse- og sosialplan for 1987-1991 er det mellom anna tatt opp spørsmål om formålstjenlege bustader til eldre i nærleiken av sjukestova.

Det er i utgangspunktet antyda 4 trygdebustader.

Kommunestyret har nedsett eit utval som har fått i oppdrag å vurdera behovet.

Det er ennå ikkje klarlagt korleis ein skal løysa saka, men det er viktig å få ein oversikt over nåverande behov.

Det er muleg at utvalet sender spørjeskjema til alle over 70 år. Me håpar på svar frå dei som ynskjer ei anna buform enn den dei har idag.

## AMBULERANDE VAKTMEISTER

Frå 1987 har Bokn igjen fått ordninga med ambulerande vaktmeister.

Då Ottar Håland vart tilsett i teknisk etat, var det ein forutsetnad at han også skulle kunna utføra oppgåver som ambulerande vaktmeister.

Dette betyr at eldre og funksjonshemma som treng hjelp til t.d. små reparasjonar slik som skifting av dørlåsar, pakningar på vasslåsar, insettjing av eit enkelt vindu o.l. småting, kan få hjelp til dette.

Ein må venda seg til sosialkontoret, og det vil bli vurdert korvidt oppdraget høyrer inn under denne hjelpeordninga.

Større oppdrag, og oppdrag som naturleg skal utførast av andre fagfolk, fell ikkje inn under ordninga.

Det må betalast ein eigenandel pr. time.



## LEDIG STILLING

### Bokn kommune - kontorassistent

For snarleg tiltreding er det ved sentraladministrasjonen i Bokn kommune ledig 1/2 stilling som kontorassistent.

Arbeidstida er foreløpig lagt opp med 2 1/2 dag pr. veke.

Løn: Still.kode - L.tr.9-16 etter 12 år.

Vedkommande som blir tilsett skal i tillegg til arbeid ved kommune-kasserarkontoret, hjelpe til ved sentralbordet og med anna forefallande kontorarbeid for etatane.

For stillinga vil det bli lagt stor vekt på fleksibilitet i arbeidet og evne til samarbeid.

Tilsetjing vert på dei vilkår som går fram av gjeldande lover, reglement og tariffavtalar, og vedkommande må godta eventuelle seinare endringar i arbeidsområdet. Pensjonsordning med 2% trekk.

Opplysningar om stillinga får ein ved å venda seg til formannskapskontoret i Bokn, tlf. 74 85 00.

Søknad med avskrift av attestar og vitnemål sender ein til Bokn kommune, administrasjonsutvalet innan 15.februar 1988.

Føresvik, den 25.januar 1988



## BOKN SJUKESTOVE / ÅPEN OMSORG .

### VIKARER

Det vil bli behov for vikarer ved sjukestova/åpen omsorg ved ferieavvikling, sjukdom o.l.

Interesserte kan melda seg skriftleg med kopier av attestar og vitnemål innan 20.02.88 til Bokn sjukestove.

Ein vil leggja vekt på utdanning og praksis frå helse- og sosialsektoren.

## A/S AURORA

### NYE ÅPNINGSTIDER

Man., tirs., ons., tors.: :

10.00-13.00 og 15.00-18.00

Fredag:

10.00-13.00 og 15.00-21.00

Lørdag:

10.00-17.00

Søndag:

15.00-21.00

## GUDSTENEESTER I BOKN KYRKJE .

14.februar kl. 18.30

6.mars " 11.00

27.mars " 11.00

Dette er ei retting av dei da toane som sto i Kyrkjetonar

Bygningsrådet vil ikke godkjenne frådeling av parsell til småbåtanlegg ved Lauplandsvågen

Det var Håvard Hetland som hadde søkt om frådeling av en parsell på ca. 15 da. på neset ytterst i Lauplandsvågen. Arealet som ligg inntil den planlagde riksvegtraseen var tenkt nytta til utbygging av eit småbåtanlegg/marina.

I saksframlegget seier kommuneingeniøren at området er uregulert - og at det i anna plansamanhang ikkje er tatt stilling til kva området rundt Lauplandsvågen skal nyttast til. I samanheng med at kommunen nå står føre arbeidet med arealdelen i kommuneplanen, vil det vera naturlig å vurdera bruken av areala langs heile den planlagde riksvegtraseen. Området rundt Lauplandsvågen er eit av fleire kor ein vil gå inn og regulera arealbruken, og den omsøkte frådelinga kan skapa vanskar for planlegginga, og bør derfor utsetjast.

## Lønstilllegg for etatsjefane.

Bokn kommunestyre gjorde i møte den 15.12.87 vedtak om å auka løna for rådmannen frå ltr.31 til ltr.32, og å auka løna for kommuneingeniør, helse- og sosialleiari og kommune-kasserar til ltr.28. Alle justeringane gjeld frå 1.1.88. Vedtaka vart gjevne med 13 mot 3 røyster.

Saka kom opp på bakgrunn av krav om forhandlingar for helse- og sosialleiari frå Norsk Sosionomforbund.

Skulesjefen som er i ltr.29 får si løn regulert gjennom forhandlingar med staten, og det var såleis ikkje oppe noko sak om endring av skulesjefen si løn.

## Tildeling av bustadtomter

Desse har fått tildelt bustadtomt i byggjefeltet Alvestad sør:

Bolette Jørgensen  
Steinar Alvestad  
Arild Ognøy  
Ben Alvestad  
Else Lofthus

Tildeling i Føresvik:

Jardar Havikbotn.

Tomtene er tildelte på vanlege kommunale vilkår.

Byggjefeltet i Alvestad sør er nå fullteikna, og kommunen vil ta opp drøftingar med grunneigarar med tanke på opparbeiding av fleire tomter i dette området.

**150 kroner er nok til mat for en familie i Etiopia i én måned.**



Postgiro 100  
Bankgiro 100

**KIRKENS NØDHJELP**

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3

## FERJA

Mange synes nok at det er ei plage dei gongene det er fullt på ferja. Særleg ille kan det slå ut for folk som driv næringsverksemd, byggjer hus o.l., når varene deira blir fordyra p.g.a. ventetida.

Hos DSD opplyser ein at utnyttingsgraden av Bokn-ferja ein av dei lågaste i fylket - berre 39%. Til samanlikning er utnyttingsgraden av Kvitsøy-sambandet 43%, Rennesøy-sambandet 55% og Nedstrand-sambandet 44%.

## BANDTVANG !

Hugs at det er bandtvang heile året i Bokn kommune.

Bokn Viltnemnd

**Ikkje bruksendring frå sjøhus til fritidsbustad i moloen i Alvestadkroken.**

Sigurd Øvrebø fekk ikkje løyve til å foreta bruksendring frå sjøhus til fritidsbustad av ein eigedom ved moloen i Alvestadkroken. Han hadde søkt om å innreia 2.etasje i sjøhuset til fritidsbustad.

Det var Bokn bygningsråd som i møte den 22.12.87 nekta bruksendring av eksisterande bygning på gnr.11, bnr. 88 frå sjøhus til fritidsbustad i medhald av planlova sin § 17-2.

Hamna har status som fiskerihamn, og bygningsrådet meiner det då ikkje er rett å leggja til rette for fritidsbusetnad rundt hamna.

## Kommunalt vatn til Austre Bokn?

Bokn kommunestyre har vedtatt å be teknisk etat om å undersøkja kor vidt det er mogleg å leggja kommunal vassleidning langs den nye riksvegtraseen over Austre Bokn.

# 5



## GODE GRUNNER TIL Å VELGE

### KORRUGAL-tak

ALUMINIUMTAKET SOM IKKE RUSTER ELLER FASSER

Når du velger KORRUGAL-tak i aluminium med METALL-LAKK får du:

- ★ ET EVIGVARENDE TAK som tåler dagens sterkt forurensede atmosfære, den økende sure nedbør, samt fuktig saltholdig kystatmosfære.
- ★ ET VEDLIKEHOLDSFRITT TAK. Aluminium **ruster ikke** og du får heller **ikke krypende kantkorrosjon** som på stålplater. Metall-lakken med snart 20-års erfaring **fasser heller ikke**. Aluminium kan ikke frostsprenget.
- ★ ET PENT TAK som med god samvittighet kan kalles husets femte fasade, og som du vil bli fornøyd med både nå og i fremtiden.
- ★ ET STERKT OG TETT TAK som tåler aktuelle vind- og snølaster. Et spesielt sideomlegg sikrer tettheten i plateskjøtene.
- ★ ET LETTMONTERT TAK som den praktiske hus/gårdeier selv kan montere om ønskelig. Festemateriell og et bredt utvalg av beslag og annet tilbehør finnes som standard.

KORRUGAL-tak kan du bruke på nesten alle typer tak og under alle klimatiske forhold.

Se om brosjyren: KORRUGAL-tak.

FORHANDLER:



VI HAR KONTOR PÅ BOKN  
(GAMLE SR-BANKS LOKALER)  
KONTAKT SOLVEIG GUNDERSEN  
FOR AVTALER: TLF: 74 85 01

Fast kontortid  
mandag og torsdag kl. 17 - 19



## Forbod mot frådeling av bustadtomt ved ferjeterminalen på Are.

Bokn bygningsråd nedla i møte den 22.12.87 i medhald av planlova sin § 33 midlertidig byggje- og delingsforbod på ein del av gnr.16, bnr.2 på Are.

Tomta det var søkt frådeling av, var ca.3.500 kvadratmeter, og grensar til den planlagde riksvegen på Are. I tilknytning til at det nå vert vurdert å nyttå såkalla kamaranferjer i Boknafjordsambandet, kan det innebera at ein må sjå på arealbehova ved ferjeterminalane på nytt. Kommunen er oppfordra til å stilla areal til disposisjon, og ein vil heller ta søknaden opp att når behandlinga av reguleringsplan for området er avslutta.

## Byggjeløyve for sjøhus i Føresvik

Gaute Kro fekk i møte i Bokn bygningsråd 27.12.87 byggjeløyve for oppsetjing av sjøhus i hamna i Føresvik.

## Frådeling av bustadtomt på Gunnarstad

Bokn bygningsråd godkjende den 22.12.87 frådeling av ei tomt på ca. 1.000 kvadratmeter frå gnr.24, bnr. 2 og 4 (Knut Gunnarstad).


## Framleis næringskonsulent i Bokn.

Bokn kommunestyre har løyvd kr. 50.000,- i løn til næringskonsulent for 1988. Dette inneber at næringskonsulenten framleis vil ha kontordag 1 dag i veka (tirsdag) i Bokn.

# FASTEAKSJONEN 1988

BRØD FOR VERDA

 **KIRKENS NØDHJELP**



## FORMANNSSKIFTE I BOKN IL.

HANS OVIDTH NY FORMANN.

Hans Ovidth blei vald til ny formann i Bokn IL ved årsmøtet den 4.desember 1987. Ingunn Sunde og Trond Almås kom inn i styret. Ut av styret gjekk Hans Faye(formann) og Lindy Haram (kasserar).

I styret sit også Åse Vatnaland og Inge Alvestad.

Varamenn til styret er:Trine Grønnestad,Nils Bjørn Nilssen og Stig Helge Haram.

Bokn IL har friidrett,trim og volleyball på programmet utanom fotball, kor A-laget har rykka opp i 8.divisjon.Svein Ove Alvestad har vore trenar for fotballen.

I siste sesong vann A-laget 9 kamper,spelte uavgjort i to og tapte tre i første seriesesongen sin.

Rekneskapen viste at Bokn IL hadde eit overskot på kr.8.676,- i 1987, og eit bankfond på kr.50.000,- som er avsett til klubbus - ev. samfunnshus.

Bokn IL har 245 medlemmer.

På årsmøtet var det møtt fram 50 medlemmer og Edvard Sternhoff frå Haugesunds Avis hadde kåseri om baneidrett,og viste lysbilder frå skeisemetropolen Alma Ata.

**HÅRFIXEN STUDIO**

har tlf.nr. 748605

## NYE STILLINGAR I KOMMUNEN

Bokn kommunestyre vedtok den 15.12. 87 å oppretta følgjande nye stillingar i kommunen:

1 stilling som avdelingsingeniør/konsulent ved teknisk etat frå 1.april 1988.

1/2 stilling som kontorassistent i sentraladministrasjonen frå 1.1.88.

3/4 stilling som sjukepleiar ved sjukestova/åpen omsorg frå 1.1.88.

Stilling som nattevakt 6 timer pr. veke ved Bokn sjukestove/åpen omsorg frå 1.1.88.

Utviding av stillinga som kommunal musikkleiar frå 1/3 til 1/2 stilling frå 1.8.88.

Utviding av stilling til ekstra assistent i Bokn Barnehage frå 27,5 timer pr.veke til 37,5t. pr. veke frå 1.8.88 etter vurdering av kommunen sin økonomiske situasjon våren 1988.

## INTERKOMMUNAL BRANNVARSLINGS- SENTRAL.

Bokn kommunestyre har vedtatt at Bokn skal knyta seg til 001-sentralen som er ein interkommunal brannvarslingssentral ved Haugesund brannstasjon.Utgiftene vil bli ca. kr.4,- pr.innbyggjar pr. år.

Alternative forslag for varslingsstenesta internt i Bokn kommune (korleis brannmannskapa i Bokn skal varslast) kjem ein tilbake til.

Teknisk etat reknar med at ordninga kan tre i kraft i mai 1988.

Etter all julematen:

HUGS:  
**BØKER  
ER LITE  
FETENDE**



## LESETIPS FOR FEBRUAR:

- \* Pollestad, Kjell Arild: SKAL FOR NORGE. 1987.
- \* Haslund, Ebba: SOM PLÖMMEN I EGGET. Sjölvbiografi.
- \* Lillegaard, Leif B.: ARVINGENE. Roman.
- \* Heggland, Johannes: SEGLET OG VINDEN. Bd. 3. Roman.
- \* Enerstvedt, Åse: ROSER ER RÖDE... Minneboken fra 1790 til i dag.
- \* Vesaas, Haldis M.: SA NÄR DEG. 4 noveller.
- \* Kleppen, Halvor: SKIKONGEN. Om kongen vår.
- \* French, Marilyn: SIN MORS DATTER. Roman.

## OPNINGSTIDER:



NYE TLF: 748500  
**bøker for barn**:

- \* Heine, Helme: SJU VILLE GRISER: fire bilde-bokfortellinger om fantasien.
- \* Bird, Malcolm: HEKSEHÅNDBOKA. 1987.
- \* Beer, Hans De: LILLE ISBJÖRN HVOR SKAL DU?
- \* MacLachlan, Patricia: EN MOR TIL SOMMEREN. 1987.
- \* Anderson, Lena: KANINPAKKE. Peikebok. 1987.
- \* Anderson, Lena: KANINBAD. Peikebok. 1987.
- \* Sundström, Gun Britt: BARNEHÄGEN ER TOPP. 1987.
- \* Gjerdrum, Anne-Lise: Min FÖRSTE TELLEBOK. 1987.

## GODT NYTT BOK-ÅR!

Saman med ynskje om godt bok-år, vil biblioteket òg kome med ei lita påminning til alle bok- og bibliotekvener: Har du ei eller fleire böker du skulle vore attende med? Kanskje er det ei ny bok som òg andre vil bli glad for å lesa.

NB! Det ventar inga straff.

## Biblioteket,



TYSDAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>

TORSDAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>

## NYE NEMNDAR:

### KULTURSTYRE

#### Medlemar:

AP Berit Are  
 AP Signe Solheim  
 SP Sigrunn Hole Hosaas  
 SP Liv Vatnaland  
 SP Sigurd Berge  
 H/KRF Per Nesvik  
 H/KRF Solveig Våga Loten

Leiar: Sigunn Hole Hosaas  
 Nestleiar: Per Nesvik

#### Varamedlemar:

AP: Arvid K.Jøsang  
 Gunnar Bokneberg  
 Tove Steingildra  
 Kjell Blikshavn  
 SP: Alf Alvestad  
 Oddrun Håland  
 Ingunn Våge  
 Anna Hognaland  
 Annbjørn Bokneberg  
 H/KRF: Trine Grønnestad  
 Hanna Alvestad  
 Odd Grønnestad  
 Hilde Kristiansen

### HELSE- OG SOSIALSTYRE

#### Medlemar:

AP Svein Ivar Langhelle  
 AP Else Kjellesvik  
 SP Inger Synnøve Bokneberg  
 SP Gaute Kro SP  
 SP Solveig Våga  
 H/KRF May Elisabeth Alvestad  
 H/KRF Eva Svendsen

Leiar: Gaute Kro  
 Nestleiar: Svein Ivar Langhelle

#### Varamedlemar:

AP: Ottar Alvestad  
 Berit Are  
 Arne Hosaas  
 Ingrid Jøsang  
 SP: Torleif Jøsang  
 Ernst Øvrebø  
 Inger Jøsang  
 Jens Økland  
 Solvor Våge  
 H/KRF: Kjell T.Bryningsland  
 Sverre Øvrebø  
 Liss A.Sæbø  
 Trond Nedrebø

### TEKNISK HOVEDUTVAL

#### Medlemar:

SP Bernhard Våga  
 SP Ragnhild Laupland  
 SP Tor Jøsang  
 H Helge Kristian Nilsen  
 KRF Sverre Øvrebø  
 AP Birger Lindanger  
 AP Tove Steingildra

Leiar: Birger Lindanger  
 Nestleiar: Bernhard Våge

#### Varamedlemar:

SP: Annbjørn Bokneberg  
 Anne Marie Medhaug  
 Johannes Nilsen  
 John Magne Lie  
 Rune Vatnaland  
 H/KRF: Lars Sigmund Alvestad  
 Egil Ognøy  
 Einar Tore Øvrebø  
 Svein Kro  
 AP: Wenche Jøsang  
 Inge Alvestad  
 Gustav Solberg  
 Bjørg Alvestad

### LANDBRUKSNEMND

#### Medlemar:

SP Sigwart Våga  
 SP Daniel Thuestad  
 AP Gustav Solberg  
 H/KRF Kjell Øvrebø  
 H/KRF Harry Vågshaug

Leiar: Gustav Solberg  
 Nestleiar: Kjell Øvrebø

#### Varamedlemar:

AP: Bjørg Alvestad  
 Kjell Blikshavn  
 Ove Alvestad  
 SP: Astrid Øvrebø  
 Torleif Jøsang  
 Ragnhild Laupland  
 H/KRF: Kjell T.Bryningsland  
 Håvard Hetland  
 Trine Grønnestad

## Bokn Brukskunst

Me held til i den "gamle banken". På dugnad har me pussa opp lokala slik at veggene no er kvit måla og er ein fin bakgrunn for det som er hengt opp på veggene.

Me vil halda ope om laurdagane framover, og fyrste gong vert laurdag 30/1. Opningstida er frå kl. 11 - 13. Boknarane kan med andre ord ta seg ein tur innom i tilknytning til laurdagshandleturen.

Du treng ikkje kjøpa noko, men ta ein tur innom og sjå korleis me har fått det. Endå finare ville det ha vore om du sjølv har noko å bidra med. Det treng langt ifrå vera det ein kallar kunst. Heimestrikka sokkar er me sikre på ville gå unna som varmt kveitebrød; om berre einkvann ville strikka dei. Det same er nok tilfelle med hekla og sydde ting, anten det no er briker eller dukar.

Det er ingen utanforståande som skal tene på dette. Dei som leverer inn tinga plussar berre på 10% på salssummen. Desse 10 prosenta skal gå til å dekkje straum og leige av lokalet. Me håpar at mange vil finna vegen innom, anten dei vil sjå, kjøpa eller selja.

Helsing

Bokn Brukskunst

## Tildeling av tomt til oppføring av sjøhus i den nye fiskerihamna.

Partrederiet "Øvrabøen" v/Tore og Steinar Øvrebø fekk i kommunestyremøte den 15.12.87 tildelt tomt til oppføring av sjøhus på ca. 500 m<sup>2</sup> sør for Bokn Fiskemottak A/S i Knarholmen.

Tomta byggsles til ein pris av kr. 10,- pr. m<sup>2</sup>, med ei bygsligstid på 30 år, og rett til forlenging med ytterlegare 30 år.

I vedtaket heiter det at partrederiet "Øvrabøen" kan nyta den kommunale kaien til lasting og lossing, men ikkje til lagerplass for redskap eller anna utstyr.

Ingolf Kro viste til at tidlegare planar sa at den omsøkte tomta skulle nyttast til fellesformål, og at kommunestyret burde haldt fast på dette standpunktet. Vidare foreslo Ingolf Kro at partsrederiet "Øvrabøen" skulle tildelast ei tomt på 500 m<sup>2</sup> sør for almenningskaien. Tomta skulle då ta utgangspunkt i sør-vestre hjørne av kaien og ha ei strandline på 25 m. Partsrederiet "Øvrabøen" skulle så gis løyve til å utnytta strandlinia til kaianlegg for eige bruk.

Framleggget frå formannskapet vart likevel vedtatt med ei mindre endring om at partsrederiet "Øvrabøen" kan nyta den kommunale kaien ved lasting og lossing.

Framleggget frå formannskapet med endring vart vedteke med 12 mot 4 røyster.

## BUKN KOMMUNE LØYVER KR.15.000 TIL FERJETERMINAL-PROSJEKT.

Bokn kommunestyre løvvde den 5.januar kr.15.000 til fase 1 i eit prosjekt i 3 fase som m.a. går ut på å utvikla idear for ferjeterminal/samband, utvikla idear innan reiseliv, turisme, tiltaksplanar, planar i det lokale næringsliv osv.

Det er planlegging av ferjeterminalar på Are i Bokn, og Sørbø på Rennesøy som ein vil planleggja grundig og finna nye utviklingsmåtar for å nyitta ut potensialet for

turisme, næringsliv o.l. Asplan Vegkontoret og dei berørte kommunane er med på prosjektet.

## ARR. I JAN/FEBRUAR


- 29.jan: Skulekorpset har Bingo.
- 29.jan: Bokn Bonde- og småbr.lag har årsmøte.
- 11.feb: Foreldremøte Bokn skule.
- 13.feb: Musikkkulen har elevkonsert.
- 20.feb: Idrettslaget arr.Dans.
- Diskoteket: 6.feb.og 5.mars.

## KONTORDAG FOR LENSMANNEN

Lensmannen i Avaldsnes har kontordag i Bokn (kombibygget) den 1. fredagen kvar mnd. fra kl.10.00 - kl.12.00.

## FOTPЛЕIE

Det er fotpleie den 8.februar. Påmelding til sos.ktr. tlf.74 85 00.



## LEGEKONTORET

Det blir ei forandring på åpnings-tida ved legekontoret i februar. Det kjem lege torsdag den 11.februar i staden for fredag den 12.februar. Elles som vanleg.

## INNSKYTARVALGMØTE

Det vert halde innskytarvalgmøte i SR-BANK Bokn mandag den 8. februar kl. 18.00 i Kombibygget.

Det skal veljast 2 forstandarar for 4 år og 8 varaforstandarar for 1 år.

Røysterett har alle med innskot på minimum kr. 500,-. Det kan røystast med fullmakt frå annan innskytar, men ingen kan avgje meir enn 2 røyster.



Bernhard Våge  
formann i Forstandarskapet

